



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Bømlo rådhus, Formannskapssalen
Dato:	10.02.2022
Tid:	10:00 - 12:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leder	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleder	H
Silje Sivertsen	Medlem	V
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Sammy Olsen	Ordførar
Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	033	
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021		
Politiske saker			
PS 1/22	Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - handlingsplan	217	
PS 2/22	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 3/22	Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør	219	
PS 4/22	Val av meddommarar for kommunen - er dei valbare - orientering frå ordførar og kommunedirektør	219	
PS 5/22	Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - to spørsmål - orientering frå kommunedirektør	219	
PS 6/22	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	033	
PS 7/22	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - prosjektplan	217	
PS 8/22	Årsmelding 2021 for kontrollutvalet	033	
PS 9/22	Møteplan 2022 for kontrollutvalet	033	
PS 10/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 11/22	Eventuelt	033	
Referat saker			
RS 1/22	FKT - medlemsinformasjon desember 2021	073	

Godkjenningssaker

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 02.12.2021

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 02.12.2021 vart godkjent

Politiske saker

PS 1/22 Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon gjeldande styring av investeringsprosjekt.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 19.05.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet tre veker før møtedato (28.04.2022).

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vurdering av habiliteten til Vegard Enerstvedt – etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Før kontrollutvalet handsama handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonsrapporten diskuterte ein habiliteten til Vegard Enerstvedt, grunna at mor hans er kommunalsjef for samfunnsutvikling, der ho er øverste leiar for dette tenestoområde, som saka omhandler.

Kontrollutvalet vart einige om at han var inhabil til å handsame saka. Vegard Enerstvedt var etter dette ikkje med i handsaminga av saka.

Kommunedirektør orienterte om status på handlingsplan gjeldande styring av investeringsprosjekt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon gjeldande styring av investeringsprosjekt.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 19.05.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet tre veker før møtedato (28.04.2022).

PS 2/22 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjort og vel å lukke saka.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om status på oppfølging av handlingsplan.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjort og vel å lukke saka.

PS 3/22 Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om saka gjeldande manglande opplysningar om kontrollutvalet på heimesida til kommunen.

Ut i frå at det står at ein del arbeid før dette er på plass, vil kontrollutvalet ha ei ny orientering om saka til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det vert undersøkt om det er mogleg å knytte innkalling og møteprotokollar til same møtekalender som kommunestyret og andre utval.
2. Innkalling og møteprotokoll til kontrollutvalet må bli tilgjengeleg på Ipad
3. Innkalling og møteprotokoll til kontrollutvalet skal vere tilgjengeleg på heimesida, herunder dei historiske innkallingane og protokollane. Andre dokument som vedkjem kontrollutvalet til døme brev og epost kjem i postlista
4. Når den nye kontrollutvalsboka er klar, må linken til denne oppdaterast.
5. Kontrollutvalet ber om ei ny orientering om saka til møte 21.04.2022

PS 4/22 Val av meddommarar for kommunen - er dei valbare - orientering frå ordførar og kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunestyret ser på saka gjeldande val av meddommarar frå kommunen og om medlemmane og varamedlemmane er lovleg valde som meddommarar i medhald til domstolslova.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ordførar og kommunedirektør orienterte gjeldande val av meddommarar i kommunen.

Konklusjon i saka er at val av meddommarar i kommunen er etter Domstolloven - men først etter den nye tolkninga av lova i Høgsterett som kom opp etter at spørsmålet vart reist.

Sekretariatet har motteke epost frå kommunedirektør etter møte vart ferdig (10.02.2022) som grunngjev årsaka til dette og konklusjon i saka. Sekretariatet vil sende denne på epost til utvalsmedlemmane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 5/22 Bømlo kommunale eidegdomsselskap AS - to spørsmål - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at varalista for Bømlo kommunale eidegdomsselskap AS vert i tråd med kommunelova § 21-1 jf. Aksjelova § 20-6 gjeldande kjønnsbalanse i styret.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om sak gjeldande Bømlo kommunale eidegdomsselskap AS.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at varalista for Bømlo kommunale eidegdomsselskap AS vert i tråd med kommunelova § 21-1 jf. Aksjelova § 20-6 gjeldande kjønnsbalanse i styret.

PS 6/22 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- HMS og sjukefråvær
- Høge kostnader knytt til sjukefråvær
- Covid - 19 situasjonen
- Nytt bufelleskap er opna
- Havbruksfondet
- Skatteinntekter
- Tilsyn frå Arkivverket
- Fiskerihavna

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering

PS 7/22 Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - prosjektplan**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 01.03.2022. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 31.10.2022, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor orienterte om prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 31.10.2022, verifisert og inkludert kommunedirektør sin uttale.

PS 8/22 Årsmelding 2021 for kontrollutvalet**Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Sekretær orienterte om årsmelding 2021 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

PS 9/22 Møteplan 2022 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
10.02.2022
28.04.2022
19.05.2022
29.09.2022
01.12.2022

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte om møteplan 2022. Møtedato for april møtet vart endra frå 28.04 til 21.04.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
10.02.2022
21.04.2022
19.05.2022
29.09.2022
01.12.2022

PS 10/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått i møte. Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 11/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen saker til eventuelt.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka

Referatsaker

RS 1/22 FKT - medlemsinformasjon desember 2021

Saksprotokoll 10.02.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering